

# Kulturprisvinnar

## 1993

# Marit Hildstrand



Marit Hildstrand fødd 19.06.1949 i Brattvåg. Ho er lærar ved Brattvåg Barneskule. Dette biletet er frå ei tilstelling Besökstenesta hadde jula 2001 ved Haram sjukeheim. Barnekoret under leiing av Marit tok del i underhaldninga.

Det var ei høgtidleg tilstelling på Brattvåg Bedehus der prisutdeling gjekk føre seg. Bygdafolket møtte talrike opp for å vere med å heidre ein verdig prisvinnar. President Haugland nemnde i sin tale til Marit Hildstrand dei mange aktivitetane ho opp i gjennom åra hadde vore med på og framleis er aktiv i.

I omlag 20 år har Marit gjort ein innsats på kulturfronten i Brattvåg. Spesielt vil vi understreke arbeidet mellom born og ungdom. Men ho har også drive med gitarundervisning for barn. I mange år har ho vore leiar for Musikkoret, turnert med Brattvågtrioen landet rundt og med trionen har det også vore plateutgiving. Å lære barn og unge å bli glad i song og musikk har vore Marit si styrke. Det er ikkje berre idealisme som ligg bak, men eit kristen motiv er nok også ei sterk drivkraft. Her er det samklang mellom liv og lære. Marit har gjennom mange år teke aktiv del i kulturarbeidet i Haram. Dette har ho gjort gjennom si engasjement i korarbeid, barnearbeid og musikkundervisning. Ho vart dessutan valt som første kvinnelege leder i Brattvåg Indremisjon. I statuttane for kulturprisen står det mellom anna at prisvinnaren skal ha gjort eit samfunnsnyttig arbeid utanom det vanlege, på frivilleg, uløna basis. Vi i Rotary er ikkje i tvil om at Marit Hildstrand fyller desse kriteria og det er ei glede å få gi henne prisen, som er på 7500,00 kroner. Med prisen fylgde også eit diplom og ein stor blomebukett. Marit kvitterte for heidersprisen med ein kort takketale, der ho uttrykte glede over at det arbeidet som vert drive på bedehuset vert sett på som kultur. Sjølv har ho aldri vore i tvil på at det er tilfelle